

SYNNØVE TVEITERÅS  
VEVLEVEGEN 81  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

---

<b>Dato</b>	25.06.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/61892-3
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Caroline Nordøy Håvik
<b>E-post</b>	Caroline.Nordoy.Havik@vlfk.no
<b>Telefon</b>	

## Dispensasjon frå byggegrense - gnr. 102 bnr. 11 - Bernesvegen - Osterøy kommune - fv. 5432

Vi viser til søknad av 08.06.2023.

### Saka gjeld

Det vert søkt om tilbygg på lagerhus. Deler av lagerbygninga skal rivast, og eit nytt tilbygg skal etablerast.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5432 for å etablere tiltak på gnr. 102 bnr. 11 i Osterøy kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 16.05.2023.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på Bernesvegen skal vera minst 6,8 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5432.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Fylkesveg 5432 Bernesvegen har

ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 300, fartsgrensa på staden er 80 km/t og vegen er sett til haldningsklasse 4 lokalveg, jf. [Rammeplan for 2021-2024](#).

Ved haldningsklasse 4 lokalveg bør ikkje tiltak etablerast nærare enn 15 meter frå fylkesvegen. Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg vurderer at tiltaket ikkje vil kome nærare fylkesvegen enn eksisterande bygningsmasse. Det gjevast difor dispensasjon frå byggegrensene langs fylkesveg 5432 Bernesvegen for riving- og oppføring av tilbygg på eksisterande bygningsmasse på gnr. 102 bnr. 11.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Caroline Nordøy Håvik**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

1 situasjonsplan\_A10-01\_Situasjonsplan\_\_\_Layout.pdf